

Alt fyre 700 hev dei sumstad teke til aa brigda paa maalet i so maate at dei i talen hev kasta burt ymse stutte sjølvljodar som ikkje hadde noko ljodtrykk eller ettertrykk. Som ein vil sjaa av domi her straks nedanfor, miste slike ord dermed ei staving. Dette *stavingstapet* (*synkope*) breidde seg meir og meir, og hev vore gjennomført umkr. 900. I staden for slike frumnordiske former som: *AnsumunduR*, *dagaR* (ein dag) *gastiR* (ein gjest) *sunuR* (ein son), vart det no: *AsmundR*, *dagR*, *gestR*, *sunR*.

Kringum same tidi kom det maalbrigdet upp og breidde seg utyver, at ymse sjølvljodar, t. d. *a* i *gastiR* (ein gjest), jamna seg til framfor ein *i* eller *j* i neste staving, so den opphavlege sjølvljoden vart umbytt med ein som var meir lik *i* (i dette høve *e*); samstundes kunde *i*en eller *j*en gjerne falla burt: *gastiR* vart til *gestR*. Denne logi kallar me *i*-ljodbrigdet, og det hev brigda mykje paa maalet. Ei mengd med ord som fyrr hadde sjølvljoden *a*, fekk no *e*; t. d. *drangiR*, *batiRa*, *tamja*, *valja* vart til *drengR*, *beta*, *temja*, *velja*. Ord som fyrr t. d. hadde *ā* (det er lang *a*), *ō*, *u*, *ū*, *iu*, *au*, fekk no — etter fylgd —: *æ*, *œ*, *ȳ*, *ý*, *ey* (o: øy): *vāfja* vart *væta*, *dōmja* vart *dæma* (doma); *fulgja*, *hūsja*, *brūtiR* (2dre pers. not. av *brūta*) *draumja* vart til: *fylgja*, *hýsa*, *brýtr* (o: du bryt) *dreyma*.

Mesta jamgamalt med stavingstapet og *i*-ljodbrigdet er den ljodlogi me kallar *ljodbrotet*. Det er i grunnen ogso eit slag tiljamning, og syner seg i det at ein *e* i ei ljodsterk staving ofte gjeng yver til *ja* (eigenlig til *ea*) naar det kjem ein *a* i neste staving, eller til *io* (eig. *eo*) um dei kjem ein *u*. Etter denne ljodlogi vart *gera* til *gjarna*, og ord som *herta*, *seldan*, *Skeldulfr*, *bernuR* vart